

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Kontrollutvalet v/kontrollsjefen  
Askedalen 2, 6863 Leikanger

**Advokatsekretær**  
**Mary Heggem**  
E-post: [mary@kvammen.no](mailto:mary@kvammen.no)

Att.: Kontrollsjef Einar Ulla

Deres ref.:      Arkiv nr. 17/8336-1

Vår ref.:      KK/217006-2

## **Leige av lokale til tannlegar - tilhøvet til regelverket om offentlig anskaffing - kontrakt om leige i bygning som skal oppførast**

Eg viser til oppdrag om ei utgreiing omkring ovannemnde.

### **1. Regelverket**

#### 1.1. Unntak frå lov om offentlig anskaffing (LOA) og forskrift om anskaffing (FOA)

Leigekontrakter for fast eigedom fell ikkje inn under LOA eller FOA (av 2016). Ein av grunnane til det er at det oftast er avgjerande for anskaffinga kvar eigedomen ligg. Marknaden er då som regel tilsvarande snever.

Avgrensinga mellom ei leigekontrakt og ei bygge- og anleggskontrakt røyser imidlertid særlege spørsmål. Grensdraginga er viktig fordi ei bygge- og anleggskontrakt må handsamast etter anskaffingsregelverket. Det ligg føre fleire avgjerder som trekkjer opp grensa mellom dei to kontraktstypene. Ofte kan grensdraginga likevel by på tvil.

FOA sitt unntak for leigetilhøve er formulert slik i § 2-4 første ledd a)

*«Anskaffelsesloven og forskriften gjelder ikke for kontrakter om*

- a) *ervert eller leie av jord, eksisterende bygninger eller annen fast eiendom, eller om rettigheter til slik eiendom.»*

Fornyings- og administrasjonsdepartementet har utarbeidd rettleidning til FOA (2006). Departementet legg til grunn at avgrensingane vil kvile på ei heilskapleg vurdering av ei rekkje ulike moment.

FOA har i § 4-1 d) ein definisjon av bygge- og anleggskontrakt. Definisjonen omfattar etter nr. 3

*«utførelsen på en hvilken som helst måte av et bygge- og anleggsarbeid som oppfyller kravene som er satt av en oppdragsgiver som har avgjørende innflytelse på arbeidets art eller planlegging;»*  
«Oppdragsgiver» er i dette tilfelle fylkeskommunen.

Ordlyden *«på en hvilken som helst måte»* femner vidt og tyder på at ein t.d. ikkje skiljer mellom utvendige og innvendige byggearbeid.

## 1.2. Oversyn over relevante moment i grensdraginga mellom leigekontrakt og bygge- og anleggskontrakt

Av slike moment er m.a. nemnde følgjande:

- leigaren (oppdragsgivaren) sin innverknad på byggearbeida
- kven av partane som ber risikoen, f.eks. for byggjekostnadene - dvs. korleis leigesummen er fastsett
- om føremålet med bygget er å spesialtilpasse det til leigaren (oppdragsgivaren) sine behov - særleg kan dette gjelde ved nybygg
- kor lenge leigetilhøvet er avtalt å vare - korte avtaletilhøve talar for at ein har å gjere med ei leigekontrakt
- høve for leigaren (oppdragsgivaren) til seinare å kjøpe bygget, dvs. opsjon
- om leverandøren skal ha fleire leigetakarar i bygget eller kanskje nytte delar av areala sjølv - dette vil til vanleg tale for at det ligg føre ei leigekontrakt

## **2. Vurdering av nokre sentrale moment for avgjerda**

### 2.1. Oppdragsgivaren (leigar / fylkeskommunen) sin innverknad på byggearbeida

Som ein ser av definisjonen ovanfor femner kontraktsdefinisjonen i § 4-1 d) vidt dersom krava som ein oppdragsgivar har sett overfor byggherren sine arbeid eller planlegging kan seiast å ha hatt avgjerande innverknad på sluttresultatet.

EU-domstolen formulerer dette slik (sak C-541/08):

Oppdragsgivaren må ha hatt til hensikt *«at definere karakteren af bygge- og anlægsarbejdet eller i det mindste haft afgørende indflydelse på arbejdets projektering.»*

### Innvendige arbeid

Her må det leggst til grunn at oppdragsgivar har **utarbeidd spesifikt romprogram** og har definert **arealbehov** for prosjektet.

Fylkeskommunen leiger lokala ferdig innreidde, dvs. innflyttingsklare rom. Rominndelingar, tekniske framføringar og anna skal då vere på plass etter leigaren si beskriving. Det ligg føre ei «prinsippteikning dagsett 10.01.2017» som viser innreiinga.

Leigaren sjølv skal montere «faste innreiingar og sitt tekniske utstyr».

Det leigeavtalen føreskriv om innetemperatur, solskjerming mv. synest ikkje å vere spesielt for fylkeskommunen som leigar eller gå ut over det som krevst i utleigebygg flest.

Spesielle krav kan følgje av offentlegrettslege krav for denne spesielle verksemda.

I avtalen er det krav til blyskjerming for å motverke stråling gjennom veggar m.v., krav til sterilrom og laboratorium.

### Bygningsmessige løysingar

Det er opplyst at lokala skal liggje på gateplan i eit kombinert nærings- og bustadbygg med fleire etasjar.

Det er ikkje kome fram opplysningar om at sjølve bygninga, som følgje av fylkeskommunen sine behov, må ha spesiell utforming utover ein vanleg bygningsmessig standard, korkje kva vedkjem prinsippøysingar, utføring eller materialval.

Det er heller ikkje opplyst at fylkeskommunen har tatt del i denne del av planlegginga. Partane har eit igongverande leigetilhøve som etter avtale frå 2013 gjeld fram til 01.04.2019 og gjeld eit mindre areal i eit anna bygg.

Tomta til det prosjekterte bygget kan på den andre sida vere kjøpt, og bygget kan i og for seg vere planlagt, nettopp med tanke på dette nye og utvida utleigetilhøvet til fylkeskommunen. Ei slik rekkjefølgje er ikkje uvanleg.

Ein må merke seg at ved avslutning av leigetilhøvet står leigaren etter avtalen fritt til å ta med seg «sine faste innreiingar o.l.».

Det vert lagt til grunn at der ikkje har vore medverknad i avgjerder som har med sjølve bygget å gjere, slik at tiltak og avgjerder i prosjekterings- og/eller byggesaka heller ikkje er blitt drøfta med fylkeskommunen med tanke på slik medverknad.

### 2.2. Risiko for byggekostnadene

Årleg leige er avtala til ein fast sum, kr. 1.550.- pr. m<sup>2</sup>, dvs. ca. kr. 570.000.- pr. år.

Før leiga tek til å løpe «etter planen nov/des. 2018» skal fylkeskommunen sjølv bere ansvaret for «faste innreiingar og sitt tekniske utstyr».

Den økonomiske risikoen for at bygget blir dyrare enn forventa, f.eks. p.g.a. uføresette tilhøve, tillegg o.l. vil såleis kvile på byggherren.

### 2.3. Andre økonomiske risikofaktorar / andre tilhøve

Det ser ut for at det er leigaren sjølv som er ansvarleg for at bygg og tekniske installasjonar til eikvar tid tilfredsstillar dei lover, forskrifter og offentlege bestemmelsar/krav som måtte gjelde for den aktuelle delen av det bygget som er oppført på eigedomen. Det vil vere leigaren som ber alle kostnader i tilknytning til dette med mindre noko anna er avtalt.

Fylkeskommunen sine kravspesifikasjonar som ligg til grunn for planlegginga av første etasje med tilkomst er framlagde. Dei inneheld kun beskriving av den tekniske tilrettelegginga av lokala som skal leigast.

#### 2.4. Talet på leigetakarar

Kun den nedste av dei to etasjane i nybygget er tiltenkt fylkeskommunen. Den andre etasjen skal vere uavhengig av leigaren i etasjen under.

### **3. Difi – jfr. nettstaden anskaffelser.no**

I Difi sine fagsider (å jour pr. 11.10.2017) om offentlege anskaffingar er det gitt noko informasjon, men denne synest å vere noko grovmaska og unyansert, idet det heiter:

«Leie av bygg er unntatt lov og forskrift om offentlige anskaffelser (LOA og FOA), jf. FOA § 2-4. Unntaket gjelder for leie av bygg som eksisterer på det tidspunktet kontrakten inngås.

Unntaket kan også gjelde bygg som ennå ikke er ferdigstilt, forutsatt at leietaker ikke har vesentlig innflytelse på byggeprosessen. Inngåelse av leiekontrakter i bygg som skal oppføres må trolig regnes som en bygge- og anleggskontrakt og derfor gjennomføres i samsvar med reglene i forskriften.»

### **4. Ny eller gammel lov / forskrift**

Den nye anskaffelseslova av 17.06.2016 vart sett i kraft 01.01.d.å.

Bestemmelsar om kva for konkrete sakstilfelle 2016-lova skal gjelde på går fram av **overgangsreglar** gitt i forskrift 12. august 2016 nr. 974.

For anskaffingar som vart iverksett før 01.01.2017 gjeld 2006-forskrifta (FOR-2006-04-07-404). For anskaffingar som er iverksett etter 01.01.2017 gjeld forskrift vedtatt i 2016.

Det er ikkje tidspunktet for undertekninga av avtalen som er avgjerande, men tidspunktet for forespurnad eller det tidspunktet då partene starta kommunikasjonen om sjølve oppdraget / avtalen.

Reglane i 2006-forskrifta gjekk fram av § 1-3 (2) b.

Eg held meg til nojeldande forskrift og går ikkje nærare inn på dette då spørsmålet ikkje vil innverke på drøftinga / konklusjonen.

### **5. Verknadene dersom det er tale om ei bygge- og anleggskontrakt**

Dersom kontrakta fell inn under anskaffingsforskrifta (FOA), fører dette til at bygge- og anleggsarbeida (og prosjekteringa av bygget) må konkurranseutsetjast ved ei ordinær kunngjering på Doffin. Prosedyrereglane i forskrifta må då følgjast når arbeida skal tildelast til ein tilbydar. Fordi det skal byggjast på den andre kontraktsparten sin eigedom, vil den offentlege oppdragsgivaren då måtte setje som vilkår for avtaleinngåinga at utleigaren følgjer regelverket for offentlege anskaffingar. Elles må den offentlege oppdragsgivaren sjølv stå for gjennomføringa av konkurransen. Utleigaren har naturleg nok ingen førerrett til å få tildelt oppdraget.

### **6. Praksis**

Kjernen i saka er om det i høve til reglane for anskaffing ligg føre leigekontrakt eller om denne i røynda er ei bygge- og anleggskontrakt. Praxis viser at dette først og fremst må avgjerast utfrå hovudføremålet med kontrakta.

Det blir då sentralt: Kven av partane har spesifisert byggeobjektet ?

Det vert reist eit nytt bygg med det offentlege som ein av fleire leigetakarar. Leigekontrakta sitt hovudføremål må i dette tilfelle vere å imøtekomme eit reelt auka leigebehov hjå den offentlege kontraktsparten. Lokala i denne delen av bygget vert tilpassa deretter. Men i kva grad vert prosjektet skreddarsydd for å dekkje desse behova ? Overstig oppdragsgivaren sine krav det som ein leigar vanlegvis stiller i leigetilhøve, og i kva grad grip desse krava i så fall inn i utforminga av nybygget ?

Nokre avgjerder kan kaste lys over vurderingane:

Eksempel på vurdering av spesifiserte behov ligg føre i **EU-domstolen si sak C-536/07** (Messehallar i Köln). Her kom domstolen til at det avgjerande for om kontrakta var ei leigekontrakt eller ei bygge- og anleggskontrakt, var om bygga blei oppførde i utfrå innklaga/oppdragsgivaren sine spesifiserte behov, jfr. særleg premiss (55).

EU-domstolen slår innleiingsvis fast at når ei kontrakt inneheld både eit entrepriseenement og andre kontraktselement, er det kontrakta sitt hovudføremål som er avgjerende for klassifiseringa (avsnitt 57). Hovudføremålet vert fastlagt på bakgrunn av kven av partane som spesifiserte byggeobjektet. Om leigaren sine spesifikasjonar i kontrakta heiter det (avsnitt 58):

"Det skal desuden fastslås, at de pågældende bygge- og anlægsarbejder blev udført i overensstemmelse med de meget detaljerede krav, som byen Köln har fastsat i hovedkontrakten. Det fremgår af denne kontrakt og bilagene hertil, at disse krav, som vedrører en præcis beskrivelse af de bygninger, der skulle opføres, deres kvalitet og deres udstyr, langt overstiger de krav, som en lejer sædvanligvis stiller til en nybygget ejendom af en vis størrelse."

EU-domstolen kom på dette grunnlaget til at kontrakta sitt hovudføremål var å bygge messehallane i samsvar med leigaren sin fastlagde trong, og at dette difor måtte klassifiserast som eit bygge- og anleggsarbeid.

I klagenemndas si sak 2009/53, premiss (53), heiter det følgjande om denne EU-avgjerda:

"Uttalelsen fra EU-domstolen i premiss 55 viser at det avgjørende for hvorvidt det foreligger en bygge- og anleggskontrakt er om arbeidene blir utført i overensstemmelse med oppdragsgivers spesifiserte behov. EU-domstolen synes imidlertid ikke å stille krav mht. graden av oppdragsgivers spesifikasjoner."

EU-domstolen konkluderte altså i denne saka med at leigekontrakta skulle ha vore kunngjort. Hallane var **ikkje oppførde** då kontrakta vart inngått. Dette var mest sannsynleg medverkande årsak til at domstolen i dette tilfelle kom til at hovudføremålet med kontrakten var sjølv oppføringa av bygget. Oppdragsgivaren hadde gitt svært utførlege spesifikasjonar for bygget.

I klagenemnda si sak **2007/112** (Sem Holding) var situasjonen at dei kontorlokala utleigar skulle stille til disposisjon for leigar skulle vere innreia etter innklaga (leigaren) sine nærare spesifikasjonar. Størsteparten av lokala (1.200 m<sup>2</sup>) eksisterte imidlertid på kontraktstidspunktet og resten (40 %, 800 m<sup>2</sup>) måtte innreias etter oppdragsgivaren sine spesifikasjonar i eit tilbygg til det eksisterande lokalet.

«Det er utleier som skal oppføre og innrede nybygget (...) Nybygget utgjør 40 % av det totale leieareal».

Dette var altså ei såkalla blanda kontrakt, dvs. både leige av lokale i **eksisterande** bygningar og bygge- og anleggsaktivitetar. EU-domstolen har så klassifisert slike avtalar etter den delen som utgjør hovudføremålet «eller det fremherskende element i kontrakten» (C-215/09, premiss 36). Det var altså i dette tilfellet leige i eksisterande bygg.

Nemnda påpeikar at det i større leige kontrakter «ikke er uvanlig at utleier pålegges å utforme leielokalene i samsvar med innklagedes spesifikasjoner».

Denne avgjerda viser at det vert akseptert til dels betydelege ombyggings- og påbyggingsarbeid utan at ei kontrakt av den grunn misser karakteren av å vere ein leigeavtale. Oppdragsgivaren hadde i denne saka stilt nærare krav knytt til parkeringsmulegheiter, byggeteknikk, innemiljø, elektroteknikk, tele- og automatisering, universell utforming, grøn stat, tryggingsmål og alarmanlegg. I tillegg hadde oppdragsgivaren utarbeidd ei liste over kva lokala måtte innehalde. Lista omfatta mellom anna detaljerte krav til romfunksjonar og utforming.

Likevel kom klagenemnda til at oppdragsgivaren i dette tilfelle ikkje ville «ha noen større innflytelse på det ombyggingsarbeidet som skal gjøres enn det som en leietaker vanligvis vil ha.....for eksempel....innflytelse på valg av entreprenør, rådgivende ingeniør osv.»

Men det må presiserast at dette gjaldt ei kontrakt der hovudføremålet var leige i **eksisterande** bygg. Og det betyr at tilpassingane av leigeobjektet ikkje endra kontrakta sin overordna karakter av å vere ei kontrakt om leige av eigna **eksisterande** lokale.

Korleis utfallet hadde vorte om dette var tale om eit bygg som på kontraktstida **ikkje var oppført**, kan vere vanskeleg å seie. Lista over oppdragsgivaren sine spesifikasjonar og krav inn mot bygget var lang, jfr. ovanfor. Utfallet kunne difor lett ha vorte eit anna.

«Når det gjelder leietiden er denne oppgitt til å være 10 år pluss opsjon på 5 + 5. Heller ikke det kan synes uvanlig lenge i denne type kontrakt. Videre har innklagede ingen rett til å bli eier av bygget. Det foreligger verken kjøpsopsjon eller forkjøpsrett ved et eventuelt salg».

#### **EU-domstolen si sak C-451/08:**

Her vert det stadfesta at kontrakta ikkje kunne ha utleige som «umiddelbart formål» når oppføring av bygningane enno ikkje hadde teke til. Vår sak gjeld imidlertid eit leigetilhøve som skal starte å løpe først etter at bygget står klart.

I **EU-domstolen** si sak **C-213/13** (Pizzarotti) vedkomande rettsbygning i Bari, hadde arbeida ikkje starta på tidspunktet for kontraktsinngåinga. Det ser ut for at oppføring av byggekomplekset av den grunn vart sett på som hovudføremålet. Det var likevel oppdragsgivaren sin innflytelse på arbeida som var avgjerande for spørsmålet om det var tale om ei bygge- og anleggskontrakt.

Domstolen konkluderte med at kommunen hadde hatt ein avgjerande påverknad på utforminga av rettsbygninga, og at den etterfølgjande leigeretten var underordna i kontrakten. Kontrakta om leige av bygget over ein lengre periode etter at det var oppført var dermed ikkje omfatta av unntaket, men var å sjå på som ei byggje- og anleggskontrakt.



*"Has (the municipality) taken measures to define the characteristics of the work or, at the very least, has had a decisive influence on its design" (premiss 44).*

Klagenemnda la i **sak 2009/16** til grunn at sjølv om leieobjektet "i en viss utstrekning" kan tilpasses oppdragsgivers behov, er forutsetningen at "det ikke i realiteten er tale om et tilrettelagt eierskifte, eller at innklagede ved inngåelsen av husleieavtalen i realiteten blir stilt som en byggherre i et entrepriseforhold", jfr. premiss (88) i saka.

I klagenemnda si **sak nr. 109/2011** (Opus Management), premiss 33, heiter det m.a:  
«Selv om innklagede i vedlegg 2 til konkurransegrunnlaget oppstilte detaljerte krav til lokalene hva gjelder funksjon og planløsning, kan ikke nemnda se at kravene gir innklagede større innflytelse på bygningens utforming enn det en leietaker vanligvis vil ha for kontrakter av denne varighet.»

Det er elles på same stad lagt vekt på følgjande:  
«Klagenemnda kan heller ikke se at kontrakten på andre punkter pålegger innklagede noen særlige plikter eller risiko utover det som er normalt i et leieforhold. Det er heller ingenting i kontrakten som tilsier at innklagede vil ha noen rett til å overta lokalene. Videre har innklagede gjennom hele prosessen klart gitt uttrykk for at det her er tale om å leie et eksisterende bygg, og ikke på noen måte opptrådt som om det kunne være aktuelt å bli byggherre i forhold til et bygge- og anleggsarbeid.»

Klagenemnda si **sak 80/2016**, (Haram kommune):  
Kommunen kunngjorde anskaffinga som leige, men klagenemnda kom til at dette var ei bygge- og anleggskontrakt.

Avgjerande for dette var følgjande:

«Konkurransegrunnlaget punkt A4 foreskriver ... at innklagede skal være leietaker for lokalene. Det er tilføyd at fylkestannlegen skal inngå separat leieavtale med utleier... Denne vurderingen må ta utgangspunkt i innklagedes spesifikasjoner i konkurransegrunnlaget, og her inngår funksjonskravene til fylkestannlegens lokaler. Innklagede har i konkurransegrunnlaget spesifisert behovet for en samlokalisering av de offentlige tjenestene i kommunen. Konkurransegrunnlaget åpnet for at tilbyderne kunne tilby lokaler i eksisterende bygg eller nybygg eller en kombinasjon av disse. Innklagede har endt opp med å tildele kontrakt til en leverandør som tilbyr nybygg.»

I premiss 22 heiter det at :

«Ut fra praksis fra EU-domstolen og nyere praksis fra klagenemnda kan det utledes at det avgjørende i denne forbindelse i første rekke er om avtalen rettslig sett må karakteriseres som en bygge- og anleggskontrakt i henhold til forskriften § 4-1 bokstav c. Denne tilnærmingen er også kodifisert i det nye anskaffelsesdirektivet gjennom at unntaket for eksisterende bygg bare gjelder for tjenestekontrakter.»

## **7. Tilhøvet mellom eksisterande bygningar og bygg som skal oppførast**

Sidan denne sontringa ser ut til å vere av vesentleg vekt, kan den her omtalast særskilt:

Grensa mellom leigekontrakter og bygge- og anleggskontrakter blir særleg usikker og flytande når leigeobjektet ikkje eksisterar på avtaletidspunktet.

Etter ordlyden gjeld unntaket i FOA berre for leige av eksisterande bygningar. Men ved utvidande tolking er unntaket gjort gjeldande også for bygning som først er oppført når leigetilhøvet skal ta til. At bygget på kontraktstidspunktet enno ikkje er oppført er i seg sjølv etter praksis altså inga avgjerande hindring for å vurdere anskaffinga som ei leigekontrakt, så lenge karakteren av kontrakta er ei reell leigekontrakt.

Dette følgjer av ein etter kvart rikhaldig Kofa-praksis som godtar utvidinga av unntaket til også omfatte bygg under endring, tilbygging eller oppføring av nytt bygg.

Minimumsvilkåret for aksept av at dette likevel ikkje er ei bygge- og anleggskontrakt er:

- Leverandøren er byggherre og ivaretar alle byggherrefunksjonar
- Oppføringa vert gjort på leverandørens si rekning og på leverandøren sin risiko
- Leigetakar (oppdragsgivar) har ikkje større påverknad på utforminga av leigeobjektet enn det ein leigetakar til vanleg har

Når det gjeld grensedraginga mot bygge- og anleggskontrakt kjem det an på i kva grad oppdragsgivaren har fastsett spesifikasjonane som inngår i byggeprosessen.

Føresetnaden for å akseptere at det ligg føre ei leigekontrakt er at oppdragsgivar ikkje har så stor innflytelse på byggeprosessen at det kan seiast å ligge føre ei bygge- og anleggskontrakt.

Bygget skal i det aktuelle tilfellet tilpassast leiegaren sine særlege behov, men dette skal gjerast som lekk i ein reell leigeavtale. Kontrakta sitt hovudføremål viser at det både formelt og faktisk er tale om utleige. Det vil vere vanskeleg å gi rom for at dette kan tolkast som ei skjult bygge- og anleggsanskaffing.

## **8. Konklusjon**

Etter EU-domstolen sin praksis vert avtalen klassifisert på bakgrunn av vurderingar av kva som er hovudføremålet med kontrakta.

Når bygget først skal røysast etter at kontrakt er slutta, vert avtalen vurdert som ei bygge- og anleggskontrakt dersom oppdragsgivar har hatt tilstrekkeleg medverknad på utforminga av bygget. Dersom oppdragsgivar ikkje har større høve til å påverke utforminga enn det leigetakarar til vanleg har, vil avtalen etter praksis ikkje bli vurdert som bygge- og anleggskontrakt.

I juridisk teori heiter det at ved bruk av unntaket, slik at kunngjering vert utelate, bør det kunne dokumenterast ei grundig grunngjeving for kvifor ein meiner at kontrakten er unnateke frå kunngjeringsplikta.

Slik eg har fått faktum framstilt er kravet til slik grunngjeving i dette tilfelle etter mitt skjøn oppfylt for avtalen mellom fylkeskommunen og Sentrum Eigedom AS, jfr. dei kriteria som EU-domstolen og klagenemnda i praksis har sett.

Med vennleg helsing

Kjetil Kvammen



Framlagd dokumentasjon:

- Oversendingsbrev av 24.10.2017 med saksutgreiing frå kontrollsjef Einar Ulla
- Grunnboksutskrift for gnr. 22 bnr. 160 i Askvoll (1428)
- Leigeavtale av 20.09.2013 mellom Sentrum Eigedom AS og fylkeskommunen
- D.o. av 15.02.2017
- Hovedteikning 755-17 C Askvoll tannklinikk,
- Romløyising, skisse / prinsippteikning dagsett 10.01.2017
- Pladent AS, planskisse av 15.08.2016, dentalutstyr, vann, luft m.v. med tilbehør
- Pladent AS, alminnelige salgs- og leveringsbetingelser 2014
- Skisse 28.08.2017 plassering Sirona Unit
- «Punktbeskrivelse» tannklinikken, detaljbeskriving av teknisk tilrettelegging
- Anskaffingsprotokoll av 15.02.2017